

Region Nordhordland Helsehus IKS
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3135 - 19/12185

Saksbehandlar:

Leni Dale

Leni.Dale@lindas.kommune.no

Dato:

12.04.2019

Uttale i samband med søknad til Arbeidstilsynet

Vedr. Region Nordhordland Helsehus

Gnr. 188, bnr. 323, 395, Kvassnesvegen 40, Knarvik, Lindås kommune

Saka gjeld:

Oppføring av nye lokaler – Lindås kommune, Legevakt og Øyeblikkeleg hjelp døgnseger

Medverknad frå tilsette i planprosessen

Ved Nordhordland legevakt har det i løpet av planleggingsperioden for Helsehuset vore fleire skifter i leiing og i tilsette sine representantar. Kontinuiteten og medverknad lokalt på legevakta har vorte i varetatt av driftsleiar (utan personalansvar) og fagsjukepleiar som også var verneombod tidleg i prosessen.

Lindås kommune gjennomførte i perioden sept. 2015 – jan.2016 eit innhaldsprosjekt for tenestene som var vedtatt skulle inn i Helsehuset, der kommunen skal vera leigetakar. Resultatmåla med prosjektet var:

- Kartlegging av samarbeidsrelasjonar og synergjar både internt i Lindås kommune og mellom Lindås kommune og andre aktørar som skal inn i helsehuset.
- Rom- og funksjonsprogram for de tenestene Lindås kommune skal ha i helsehuset.
- Innspel til konkuransgrunnlag.
- Utvikle og etablere nye samarbeidsformar som utnyttar potensial for faglege synergjar i nytt helsehus.

Deltakarar i prosjektgruppa var leiarar for tenesteområda og hovudtillitsvalde frå Den Norske legeförening og Norsk sykepleierforbund. Prosjektet vart avslutta med innmelde behov for tenestene. Våren 2016 var det fleire møter mellom tenesteområda og arkitektar, samt prosjektleiing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Helsehuset. I denne prosessen var også tilsette sine lokale representantar med. 24.06.16 vart skisser for romprogram godkjend og skrive under av leiar for den enkelte tenesta og oversendt til arkitekt. Etter dette har det vore direkte kontakt mellom prosjektleiinga for Helsehuset og tenestene for mindre justeringar på dei godkjende skissene.

Med helsing

Leni Dale
kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Region Nordhordland Helsehus IKS

5914

ISDALSTØ